



## Kystsonenplan

<b>Referat frå:</b>	Kommunevise møter	<b>Møtedato:</b>	Aug.- Sept. 2016		
<b>Møteleiar:</b>	Representant HFK	<b>Møtestad:</b>		<b>Arkivsak:</b>	
<b>Referent:</b>	Eva Katrine R. Taule, Turid Verdal, Karoline Eldøy	<b>Ref.dato:</b>	14.09.2016	<b>Arkivnr.:</b>	

### Kommunevise møter

#### - Regional Kystsonenplan for Sunnhordland og ytre Hardanger

##### Prosess og høyring basert på endringane

- Høyringsinnspel
  - > 44 skriftlege høyringsuttalar derav 9 kommunar, SRS, 5 regionale etatar, 16 næringsaktørar (akvakultur), 13 andre aktørar
  - > Kommunar er stort sett positive og stiller seg bak.
  - > Næringa meiner planen er for lite fleksibel, og har for lite utviklingspotensiale
- Bearbeiding og utgreiing av ulike alternativ til nytt planframlegg
- Styringsgruppemøte 17.juni har teke stilling til alternativa og bedd administrasjonen om å jobbe vidare med alternativet som er presentert i møta
- Kommunevise møter i august og september. I tillegg skal det vera møte med akvakultur-næringa, Samarbeidsrådet for Sunnhordland, fiskeridirektoratet og styringsgruppa.
- Målsetnad om vedtak i desember 2016.

Endringane i planen er vurdert til å ikkje utløyse ny offentleg høyring, og møta med kommunane og andre instansar er tenkt å vera ein del av ei avgrensa høyring. Kommunane har moglegheit til å spele inn kommentarar og endringar i løpet av medio september. Behovet for ny høyring vart diskutert i fleire av kommunemøta, men det er i stor grad semje om denne løysinga.

##### Generelle problemstillingar:

Dei fleste kommunane er positive til endringsforslaga og nivå knytt til planavklaring, samt at den regionale planen vil forenkle kommuneplanrulleringar i framtida.

##### Retningslinjer

Endringar:

1. Bete kopleing mellom plankart og retningslinene
2. Tydeleggjere retningslinene for arealsone landskap (tidlegare omsynssone)
3. Definere «tyngre tekniske inngrep»
4. Retningslinene knytt til strandsona vert sett i samanheng med Interkommunal plan for strandsona i Sunnhordland
5. Supplere retningslinene for å sikre moglegheit for lokalt handlingsrom for ny teknologi og nye artar knytt til havbruksnæringa
6. Supplere retningslinene med råd/uttaler som HFK har gitt til planar i seinare tid

Kystsoneplanen er retningsgivande, men nyttar både bør og skal/må i formuleringane. Dette er eit konsekvent og medvite val, og det er tradisjon for dette i dei andre regionale planane som HFK har laga.

Nokre av retningslinene må forklarast nærare i planomtalen/høyringsrapporten, for å få fram intensjonen med dei.

#### Akvakultur

##### Endringar:

1. Inkludere kommuneplanavklarte areal til akvakultur
2. Inkludere ein del av innspela
3. Revisjon av retningslinene

Plankart til høyring var basert på dagens lokalitetsstruktur og analysar knytt til arealinteresser/ arealkonfliktar. Per i dag er kunnskap og datagrunnlag knytt til naturgitte tilhøve (bonitet - straum, temperatur, botntopografi etc) for dårleg og usikkert til å kunne nyttast for å lokalisere eigna/ueigna område for akvakultur innan heile planområdet. I dag vert desse detaljerte undersøkingane gjort i samband med søknad om konsesjon etter akvakulturlova. Det er pågåande forskning på ulikt hald knytt til ulike problemstillingar for sjøområde som på sikt kan bidra til at det vert enklare å gjere analysar av større sjøområde mht bonitet. Dette ligg også definert som tiltak i handlingsprogrammet til Kystsoneplanen.

Plankartet vil vera førande og retningsgivande for den kommunale planlegginga framover, samstundes som ein vil nytte retningslinene for å gi kommunane eit lokalt handlingsrom. Det er frå kommunane peika på innstraming når det gjeld dispensasjonar for næringa, og korleis plankartet vil verke inn på denne praksisen. Intensjonen med plankartet er å synleggjera strukturen i næringa og område med meir eller mindre moglegheiter for utviding.

- Det vil vera opning for å justere avgrensingane i det regionale plankartet gjennom kommunal planlegging. Kommunane kan tilpasse til lokale tilhøve, som til dømes naturgitte tilhøve, lokale badeplassar eller friluftsområde. Plankartet er laga med utgangspunkt i dagens lokalitetsstruktur og teknologi. Dersom tilhøva endrar seg i særleg grad må HFK vurdere å rullere Kystsoneplanen då føresetnadane for kartet er vesentleg endra.
- Ein del kommunar har mange veldig små område som er avsette till akvakultur. Ved rullering av kommuneplan bør desse vurderast på nytt, og om mogleg gjevast ei større areal ved vidareføring.
- Kommunane kan som del av rullering av kommuneplanen legge ut nye areal til akvakultur utover det som ligg i Kystsoneplanen, men må då dokumentere behov og konsekvensar for dette. Tilrår at kommunane aktivt nyttar bakgrunnsmateriale og arealanalysen frå Kystsoneplanen.

#### Omsynssoner

##### Endringar:

1. Endre omsynssone til arealsone landskap pga. teiknereglar
2. Redusere omfang
  - > Tilpasse slik at alle eksisterande akvakulturlokalitetar ligg utanfor arealsona
  - > Tilpasse slik at alle kommuneplanavklarte areal + innspel til akvakultur ligg utanfor arealsona
3. Fjerne / legge til nye område

#### Strandsone

Ein ønskjer å samkøyre Interkommunal plan for Strandsone i Sunnhordland og Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger slik at desse ikkje er i strid med kvarandre. Den interkommunale

---

strandsoneplanen er i prosess ifht. motsegnspunkt frå Fylkesmannen. Det er ønskeleg å ha ei avklaring før vedtak på Kystsoneplanen.

#### Reguleringsplan i sjø

I fleire møte er det diskutert moglegheita, konsekvensen av og behovet for å krevje reguleringsplan i sjø for t.d. akvakultur i sjø. Det er vist til Osterøy kommune sin kommunedelplan i sjø som i sin høyringsversjon har sett dette kravet. Det er også vist til Moderniserings- og kommunaldepartementet sitt vedtak knytt til Lenvik kommune knytt til utgreiingsnivå og tidspunkt for utgreiingar.

### **Kommunevise problemstillingar og innspel:**

#### Stord og Fitjar - 22/8

- HFK: Snorre Waage og Vibeke Saure Lokøy. Turid Verdal/Karoline Eldøy
- Kommune: Kari Rydland, Anne Lise Næs Olsen, Atle Tornes, Torgeir Steien, Ove Kvalnes.

Korriger i plankart: Innspel frå Engesund - fjerne ein lokalitet og etablere ny lokalitet aust for Siglo. Må vere bevisst mht bruk av skal/bør i retningslinene - konsekvens, kva som ligg i det. Større grad av skal-formuleringar for å gi planen legitimitet.

Planomtalen bør skildre dei ulike søknadsprosessane for akvakulturnæringa og rett utgreiingsnivå til rett fase.

Areal som er små i kommuneplanane bør utvidast i regionalplan, slik at det blir betre og meir rettviss foreling.

#### Bømlo - 22/8

- HFK: Snorre Waage og Vibeke Saure Lokøy. Turid Verdal/Karoline Eldøy
- Kommune: Njål Gunnar Slettebø, Nils Kåre Nysæter

Blir Fiskarlaget Vest invitert til den vidare prosessen?

Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (riksantikvaren) - mogleg endring av avgrensing ved Espevær/Langevåg til høyring. Kva har dette av konsekvens for omsynssona i den regionale planen? Skal retningslinene inkludere tilhøve knytt til rorbu/fritid?

#### Tysnes - 24/8

- HFK: Eva Katrine Taule og Endre Korsøen. Turid Verdal/Karoline Eldøy
- Kommune: Steinar Dalland, Laila Hope og Morten Anthonessen

Korriger i plankart: Vernøyane. Redusere akvakulturområde.

Metode nytta i planarbeidet (t.d trafikklys) er for grov og usikker til å brukast som grunnlag for plankart. Regionalplanen bør først og fremst vera ein temaplan, eit kunnskapsgrunnlag for kommunane sitt arbeid.

#### Austevoll 25/8

- HFK: Eva Katrine Taule og Trond Olav Wahl. Turid Verdal/Karoline Eldøy
- Kommunen: Ruth Larsen, Morten Storebø, Ellen Høyster, Stina Norbak

Korriger i plankart: Innspel frå Troland. Aust for Storebøvika - splitt stort område i to pga. lokale friluftsinnteresser. Korriger med utgangspunkt i kommuneplankartet og areal til friluftsliv i sjø.

Det kan vera vanskeleg for administrasjonen å sei nei til område for akvakultur om desse ligg i regionalplanen.

Dei generelle retningslinene bør ha med seg akvakultur, no er dei berre «grøne».

Overgangsperiode mellom regionalplan og vedtekne kommuneplanar?

#### Kvinnherad 26/8

- HFK: Per Nordmark og Endre Korsøen. Turid Verdal/Karoline Eldøy
- Kommunen: Anbjørn Høyvik

Sender forslag til kommuneplan til høyring innan kort tid. Prinsipp for akvakulturområde ligg på Fonnkart. Fokus på oppankring, desse er i forslag til KP opna for i generell sjøareal.

Mykje skjer i AK-næringa - behov for rullering av kystsoneplanen. Kva utløyser revisjon? Kor mykje skal forandre seg? Mogleg å definere det?

Problemstillingar knytt til strandsone (naust, fortetting, plankrav) kan få preg av omkampar om ein ikkje klarar å samkøyre planane.

#### Vindafjord 26/8

- HFK: Per Nordmark og Endre Korsøen. Turid Verdal/Karoline Eldøy
- Kommunen: Anne Sofie Sandvik og Ingrid Johannessen

Kommunen har lagt sin kommuneplan til høyring basert på Kystsoneplanen sin høyringsversjon. Regulering på sjøområda? Like vilkår som for næringsareal på land.

#### Fusa 30/8

- HFK: Per Nordmark. Turid Verdal/Karoline Eldøy
- Kommunen: Jan Egil Leirstein, Helle H. Bruland

Skjønsmidlar for kystsoneplanlegging - kva er kriteria? Kommuneplan eller interkommunalplan?

I Fusa - nokre lokalitetar er gitt midlertidig løyve fram til rullering av kommuneplan.

Fusa har gjennomført analyse på næringsområde til sjø som t.d. kan nyttast av AK-næringa Elvemusling - temalag eller i retningslinene?

#### Sveio 2/9

- HFK: Hans Christian Engum. Turid Verdal/Karoline Eldøy
- Kommunen: Åse Aaleheim, Geir Rommestveit, Kenneth Tollefsen

Ville hatt større fokus på bonitet.

Samfunnsinteressene i AK-næringa bør tydeleggjerast (styrkast).

Noko forvirrande med trafikklys både i kystsoneplanen og i produksjonssonene

Kartportalen - tilgang til data, blir det vidareført?

Korriger i plankart: Vurder areal langs land i Ålfjorden (aktørane vil ut frå kysten/strandsona)

Planlegging i vertikalnivå i sjøen - er det juridisk opning for det?

Planomtale må omtale/forklare det kommunale handlingsrommet.

Det kan vera vanskeleg å «godkjenne» desse endringane berre administrativt, mogleg behov for å informere politisk.

#### Etne 2/9

- HFK: Hans Christian Engum. Turid Verdal/Karoline Eldøy
- Kommunen: Erik Kvalheim, Odd Inge Vestbø og Sven Selås Kallevik

Etneelva og vandingsruta for villaksen - blir den tilstrekkeleg teke i vare? Sumverknad og naturmangfaldslova. Kan ein tenke seg krav til framtidige anlegg i vandringsruta?

Få eller ingen konfliktpunkt i Etne.

Korriger i plankart: splitting av AK-område i Åkrafjordtunet, juster linje ved Skånevik

Fleire AK-område som kan takst ut, men tek denne jobben i kommuneplanrulleringa for å oppretthalde den politiske prosessen/vedtak.

Definer «strandsonen»-omgrepet i retningslinene.

#### Kvam og Jondal 6/9

- HFK: Liv Sundheim. Turid Verdal/Karoline Eldøy
- Kommunen: Jon Nedkvitne, Trond Inge Brakestad, Sigbjørn Haugen,

Kvam har som prinsipp i rullering av kommuneplanen - færre større anlegg.

Korriger i plankart: Kommunen sender kartdata knytt til konkrete lokalitetar (Saltkjelen, Lingaholmen, Kvamsøy mfl).

Innspeil Jondal - det er problematisk at det er synt så store område for akvakultur i planen, som ikkje vil vera aktuelle. Burde kanskje differensiert noko meir slik ein gjer i kommuneplankart.

---

Kvam ønskjer at omsynssone LNFK/Arealsona landskap for areal i sjø ved Norheimsund-Kvamsøy. Sona sett i samanheng med Fusøysund. Ser at dette sjøområdet er ein friluftressurs for landsida.

